

Karmøy kommune
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
23/7866-3
Dato: **08.11.2023**
Saksnr.: **2023/63303**
Dok.nr.: **3**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy - kommune - gnr 108 bnr 24 - dispensasjon – utriggarar frå eksisterande brygge - Storevikvegen 37 - søknad – fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av utriggarar frå eksisterande brygge på gnr 108 bnr 24 i Karmøy kommune. Det omsøkte tiltaket ligg i føremål fiske (KL) i den gjeldande kommuneplanen og området er uregulert. Det vert søkt om dispensasjon frå byggeforbudet i 100-meters beltet, pbl. § 1-8, samt arealføremål i sjø – fiske.

Saka må også vurderast etter kulturminnelovens §3 – skjemming av automatisk freda kulturminne, då det ligg ein gravhaug sør for det no omsøkte tiltaket.

Fylkesdirektøren har behandla saka som sektormyndigheit for automatisk freda kulturminne, kulturminne som er freda i medhald av kulturminnelova. Gravhaugen, ID 134265, som ligg noko sør for omsøkte tiltak, inngår i vårt ansvarsområde.

På denne eigedommen er det i dei seinare åra søkt om ei rad tiltak i tilknytning til fritidsbustaden – lagringsbodar, plattingar osv. som ligg tett opptil gravhaugen.

Sjølv om det no omsøkte tiltaket ligg noko lenger borte frå gravhaugen enn dei ovannemnde tiltaka, meiner vi at det no omsøkte tiltaket, samanstilt med alle andre utbyggingar på tomta, bidreg til å forringe og redusere dei naturlege omgjevnadene til gravhaugen.

Fylkesdirektøren **frarår** at det vert gjeve dispensasjon til dei omsøkte utriggarane. Dette pga at tiltaket vil føre til *ytterlegare* utilbørleg skjemming av det automatisk freda gravminnet, jf. Kulturminneloven §3.

Vi ber om å få oversendt kommunen sitt vedtak i saka, slik at vi får mulighet til å vurdere ein eventuell klage dersom kommunen ikkje følger vår fråråding.

Fylkesdirektøren vil avslutningsvis bemerke at vi vil frårå eventuelle nye, framtidige søknader om tiltak N og SV for gravminnet (altså på bnr 24)

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.